

Til aktuelle sponsorar

01.02.2017

### **Senior-NM i bordtennis 2017**

Hardanger BTK har søkt om og fått tildelt **senior-NM 2017!** Meisterskapen vert arrangert 3.-5. mars 2017. Hardanger BTK fyller **30 år 2.** februar 2017, så dermed får me ei flott jubileumsmarkering nøyaktig ein måned etter 30-årsdagen. Norheimsund idrettshall vert hovudhall under NM. Alle offisielle klassar vil verta arrangerte der. I denne hallen skal det dermed også for første gong kjempast om **kongepokalar!** B-klassane vert avvikla i Øystesehallen, som ligg seks minuttars køyring frå hovudhallen.

Hardanger BTK ventar påmelding frå om lag 100 av landets beste bordtennisspelarar. I tillegg til alle deltakarane kjem hallane til å verta fylte opp av lagleiarar, dommarar, funksjonærar, publikum og presse.

Blant profilane i meisterskapen vert **Roger Andersson**, som er rangert som nummer ein i Noreg i herrar senior. Han er busett i Øystese og representerer arrangørklubben Hardanger BTK når han no skal kjempa for å vinna sin andre kongepokal – denne gongen på heimebane! Hardanger BTK vonar også på deltaking frå **Aida Dahlen** og tidlegare paralympisk meister **Tommy Urhaug** – to av landets største profiler blant funksjonshemma idrettsutøvarar.

Både Hardanger BTK og Norges Bordtennisforbund vil arbeida aktivt mot media i samband med meisterskapen. Frå sist senior-NM sendte **Dagblad-TV** live fleire timar. Både **TV2** og **NRK** sender reportasjar frå meisterskapa innimellom. Me kan ikkje lova noko, men vil arbeida aktivt mot både lokale, regionale og nasjonale media. Klubben satsar også på live streaming frå hovudhallen.

Klubben vår har arrangert NM for yngre i Norheimsund to gonger tidlegare. Me har også vore medarrangør av fleire noregsmeisterskap på Stord. No skal me for første gong vera hovudarrangør for senior-NM, som er den mest prestisjetunge turneringa som vert avvikla her i landet.

Hardanger BTK er godt i gang med planleggjinga av meisterskapen. Styret i klubben – med leiar Jack Feng i spissen – vil fungera som hovudkomite. I tillegg har me fleire andre komitear.

Dersom de vil lesa meir om meisterskapen kan de sjå under Senior-NM i menyen øverst på [hbtk.no](http://hbtk.no). Der vil all info om meisterskapen verta lagt ut. De vil også finna info om meisterskapen på facebookside til klubben og på arrangementet «Senior-NM i bordtennis 2017» på facebook.

Klubben vår fekk svært gode tilbakemeldingar på dei to norske meisterskapa me har arrangert. Me vil gjera alt for at også senior-NM 2017 skal verta eit svært godt arrangert NM.

Hardanger BTK ser fram til å arrangera senior-NM! Klubben fekk god støtte frå mange sponsorar sist me arrangerte NM, og me håpar på det same denne gongen. Meisterskapen er eit svært stort dugnadsløft for oss, så me vonar mange viser at dei set pris på innsatsen me gjer for å setja bygdene våre på kartet ved å støtta oss! Prisane for å vera med som sponsor i høve NM er som fylgjer:

Annonse i NM-program ( A5-format ):	1/8 side	500,-
	1/4 side	1000,-
	1/2 side	2000,-
	1/1 side	4000,-
Oppslag i hallane (A3)		500,-

Det er også mogleg å sponsa oss med til dømes gåvepremiar, varer og tenester eller rabattar.

Dersom nokon ynskjer å sponsa med større beløp kan me ta ein prat for å finna ut om de kan verta **hovedsponsor eller generalsponsor** for Senior-NM i bordtennis 2017! I slike avtalar kan det inngå til dømes logo på NM-t-skjorte, invitasjon, nettside, plakatar, banner (over vegane) og annonser ( I Hordaland Folkeblad), stand i hallane samt omfattande profilering i hallane og NM-program. Klubben ynskjer også fleire **klubbssponsorar**. Der kan blant anna draktreklame vera ein del av avtalen.

Dersom de ynskjer å sponsa oss er det fint om de betalar inn til kontonr. 3530.20.66955 eller tek kontakt med:

Tony Låte (95158203, [tony.laate@gmail.com](mailto:tony.laate@gmail.com))

Bente Maubach (95004190, [bente.maubach@dukamail.no](mailto:bente.maubach@dukamail.no))

Me sett stor pris på om de ynskjer å støtta oss!

Med helsing

Jack Feng

Leiar